



Notat

Dato: 22.01.2016

Til:	Skular og tannklinikkar
Frå:	Eigedomsavdelinga

Reinholdstenestene til Eigedomsavdelinga – informasjon

I møte til fylkesutvalet 19.11.2015 blei det i sak PS 275/2015 gjort følgjande vedtak:

1. *Reinholdstenestene i Hordaland fylkeskommune vert frå 01.03.2016 organisert under eigedomsavdelinga, driftsseksjonen.*
2. *Omorganiseringa vil bli gjennomført stegvis. Det første området som vil ta del i omorganiseringa er sentrumsskulane og fylkesadministrasjonen. Heile omorganiseringa skal vere gjennomført innan 01.01.2017.*
3. *Den nye organiseringa av reinholdstenestene i HFK skal evaluerast innan 01.01.2018.*

Vedtaket om overføring av reinholdstenestene blir gjennomført i eit prosjekt i Eigedomsavdelinga. Prosjektet vil starta opp 1. februar og ha ein varigheit på om lag eit år. Prosjektet vil bli organisert med følgjande prosjektmedlemer:

- Eigedomsavdelinga - Prosjektleiar
- Eigedomsavdelinga - Driftssjef, fagansvarleg reinhold, personalrådgjevar
- Økonomi og Org.avd. - HR-rådgjevar
- Opplæringsavdelinga - Representant frå seksjon for fellestenester

Prosjektet rapporterer til ei styringsgruppe som vil bestå av:

- Ein tillitsvalt
- Eigedomsdirektør
- Seksjonsleiar for fellestenester, Opplæringsavdelinga

Planlagd overordna framdrift i prosjektet er slik:

- *Februar til april* - Kartlegging av ressursar, arbeidsavtalar og økonomisk forhold
 - Det vil i denne perioden være kontakt med alle skular for avklaringar
- *Februar til april* - Planlegging av struktur, system og kvalitetsnormer for reinholdsarbeidet gjennomført av Eigedomsavdelinga
- *Mai til juni* - Etablering av plan for overføring av skular og tannklinikkar
- *Mai til oktober* - Innføring av valt struktur og valte system i Eigedomsavdelinga
- *Sept. til des.* - Overføring av ansvar for reinhold frå skular og tannklinikkar til Eigedomsavdelinga

Meir detaljert informasjon vil bli send ut når prosjektet er i gang.